

Lekser på Tryggheim ungdomsskule

Tryggheim ungdomsskule ynskjer at elevane skal ha lekser kvar veke. Lekser har fleire positive sider.

- Forsking (John Hattie) viser at elevar som aktivt arbeider med skulearbeidet heime kan få opp til eit års større læringsutbytte gjennom grunnskulen enn dei som ikkje har lekser.
- Lekser er det skulearbeidet som i størst grad gjev heimen innsikt i eleven sitt skulearbeid. Det er viktig for elevane sin motivasjon for skulearbeidet at heimen syner interesse for det dei arbeider med.
- Gjennom leksearbeidet ynskjer me at elevane lærer å ta ansvar for eiga læring og å disponera arbeidstida si – gode arbeidsvanar.

På Tryggheim ungdomsskule ynskjer me at fylgjande skal prega eleven sitt leksearbeid:

- Me ynsker at elevane skal oppleve at dei får framgang gjennom heimearbeidet – erfara att det lønner seg.
- Me ynskjer at leksene skal vera varierte.

På Tryggheim ungdomsskule ynskjer me fylgjande ramar for leksearbeidet:

- Me ynskjer at kvar elev skal arbeida omkring to til tre effektive timar per veke med lekser.
 - Det å førebu seg til prøvar og arbeida ekstra med noko lærestoff er opp til kvar einskild elev og dei som ynskjer det må gjerne bruka meir tid til skulearbeidet.
- Elevane skal få ut leksene i god tid slik at dei kan prioritera kva tid i løpet av veka dei vil gjera dette arbeidet.
- Somme veker kan elevane gjere noko lekser i Tematimen – men som hovudregel skal denne økta nyttast til anna arbeid, til dømes elevråd, sosiale tiltak, lærarstyrte emne, undersøkingar eller vurderingssituasjonar.
- Det er ynskjeleg at elevane har gode arbeidsvanar når dei gjer leksene. Nokre moment som elev/ foreldre/ lærar snakkar saman om:
 - Kvar gjer du leksene – kvifor gjer du dei der?
 - Kva må du gjera for at du skal få godt fokus og god konsentrasjon når du gjer leksene? Stille? Skrivebord/ Sofaen? Mobilfri tid?

På Tryggheim ungdomsskule skal læraren vita dette om lekser og ha dette med seg når dei planlegg leksene for elevane:

- For at leksene skal følast relevante for elevane må dei fylgjast opp i timane.
- Leksene skal primært bidra til repetisjon og overlæring (nok mengdetrening). Det vil seie at elevane i stor grad skal arbeida med kjent lærestoff heime.
 - Repetisjon kan sjå tilbake både på nyleg gjennomgått lærestoff – men og på ting som ligg lenger tilbake i tid.
- For at leksearbeidet skal vera relevant for eleven er det viktig at det vert snakka om hensikta med leksene med elevane. Elevane i ei klasse er og på ulike faglege nivå – dette må også gjenspeilast i kva lekser dei får. Det er og naturleg at type lekser og ansvaret knytt til desse har ei viss utvikling gjennom dei tre åra dei går på ungdomsskulen.
- Elevane skal få oppleva variasjon i leksearbeidet. Nokre viktige element:
 - Vi ynskjer at noko leksearbeid skal være praktisk.
 - I nokre fag kan «omvendt undervisning» være nyttig i nokre emne. Då nyttar elevane leksetida til å henta fram tidlegare kunnskap om emne som kjem att i undervisninga (spiralprinsippet).
 - Tverrfaglege lekser kan være gode om fag klarer å samarbeida om det/ fylgja det opp.
 - Kreative lekser vert ofte opplevd spanande for elevane.
 - Lekser som inneheld element av dybdelæring er bra.
 - Nokre gonger kan det å gjera ferdig eit arbeid vere ei god lekse.
- Mål for fag må styra kva lekser elevane får.
- For at leksearbeidet skal opplevast som nyttig og som ein heilskapleg del av undervisninga er det viktig at faglærarar og ser på alle lekser elevane får. Det er ikkje bra om dei får mykje lekser i eit fag og ingenting i eit anna fag. Ein skal prøva i så stor grad som mogleg å gi lekser fordelt på alle fag vekta ut frå talet på undervisningstimar i kvart enkelt fag.
- God tekstproduksjon er som regel tidkrevjande – og det er nyttig at elevane får erfaring med å arbeide med å utvikle ein tekst over tid. Då kan nye idear dukke opp – ny setting (heime) kan og gje nye tankar/ idear som utviklar tekstane dei skriv.